

Plommesortar for økologisk dyrking



Ein rapport utarbeidd av Dag Røen

Leikanger 2007

Innhald

Innhald.....	2
Forord.....	3
Kriteriar for val av plommesortar til økologisk dyrking i Noreg.....	4
Etablering av nye økologiske plommehagar	5
Tilråding av sortar.....	5
Nokre nøkkeldata for tilrådde sortar	6
Detaljert omtale av dei tilrådde sortane	7
Kort omtale av nokre andre sortar.....	16

Forord

Denne rapporten er utarbeidd på basis av resultat frå forsøk (i hovudsak frå Noreg) og opplysningar frå nokre dyrkarar, rådgjevarar og forskarar som har arbeidd mykje med plomme, både konvensjonelt og økologisk. Dess fleire som vert spurt, dess meir sprikande opplysningar kan ein få fordi erfaringane kan vera så ulike frå stad til stad og år til år. Samla vil det likevel danne seg eit bilete av dei ulike sortane sin eigenskapar. Eg vonar at denne rapporten kan vera eit utgangspunkt for val av sort for den som vurderar økologisk plommeproduksjon eller omsetnad av økologiske plommer. Uansett bør ein alltid først ta ein prat med dei som har erfaring med praktisk dyrking og omsetnad av sortane, det er dei som kjenner dei svake og sterke sidene ved sortane aller best.

Leikanger 21.12.07

Dag Røen

All bruk i praksis av informasjonen i denne rapporten er på eige ansvar. Forfattar har ikkje økonomisk ansvar for eventuelle tap som følgje av dei råd og opplysningar som er gitt her.

Kriteriar for val av plommesortar til økologisk dyrking i Noreg

For å kunne omsette plommer som økologisk produserte, må norsk produksjon føregå etter "Forskrift om økologisk produksjon og merking av økologiske landbruksprodukter og næringsmidler". Samanlikna med konvensjonell / konvensjonell dyrking vert det sett sterkare avgrensingar på kva innsatsmiddel som kan brukast i produksjonen, viktigast er då ein meir avgrensa tilgang til effektive plantevernmiddel og tynningsmiddel i økologisk produksjon. Plommer er nok den fruktarten der avstanden mellom konvensjonell og økologisk produksjon er minst, og dei sortane som vert dyrka konvensjonelt kan stort sett også dyrkast økologisk sjølv om nokre sortar då vil krevja spesielt god oppfølging.

Fruktkvalitet

Det bør stillast like store krav til fruktkvalitet for sortar til økologisk dyrking som det vert gjort for sortar til konvensjonell dyrking. Ved planlagt levering til grossist eller abonnementsordning må det klarerest føreåt at avtakar er interessert i å ta i mot den sorten som er planlagt planta i det planlage kvantum. Ved direktesal kan det dyrkast eit større sortsspekter. Dyrkaren kan då aktivt marknadsføre nye sortar, og vil få direkte attendemelding på kva sortar som vert godt mottekne av forbrukar slik at sortimentet kan justerast.

Mottakelegheit for sjukdomar

Med omsyn til sjukdomar er plomme truleg det fruktslaget som er lettast å dyrke økologisk. Plommepung kan vera ein vanskeleg sjukdom å kontrollere i økologisk dyrking, men betyr stort sett lite i dei sortane som er mest aktuelle å dyrke i dag. Sortar som 'Edda' og 'Mallard' kan likevel få ein del plommepung i år med regn og kjølig vår om våren. Røtesoppar, særleg gul monilia, kan dessutan gjera ein del skade i mottakelege sortar når det er fuktig vår fram mot mogning. Rask nedkjøling etter hausting og kontinuerleg kjølekjede til butikk vil då vera enda viktigare i økologisk dyrking, særleg om det vert dyrka 'Jubileum' økologisk. I år med fuktig vår i bløminga kan grå monilia gjera ein del skade på utsette sortar som 'Jubileum'. Sølvglansopp kan dessutan medføre treutgang i dei sortane som er mest utsette for denne sjukdomen ('Jubileum' og 'Victoria').

Andre produksjonseigenskapar

Høge og årvisse avlingar av store nok frukter er like viktige for økonomien i økologisk produksjon som det er i konvensjonell dyrking. Det er i gang utprøvingar med tynningsmiddel som også kan brukast i økologisk dyrking, men effektive slike middel er ikkje på plass enno. Nokre sjølvfertile plommesortar set så rikt at det vert mykje arbeid med handtynning av desse i ein økologisk produksjon. Når det gjeld åtak skadedyr er dette i liten grad avgjerande for val av sort, sjølv om det t.d. ser ut til at sortar med tidleg eller sein bløming kan ha mindre åtak av plommeveps. 'Edda' og 'Mallard' er dessutan utsette for plommebladmidd. Det er særleg i nyplantingar at dette betyr noko, etter kvart ser det ut til at det vert oppretta ein balanse med nytteedyr i økologiske felt. Svovelsprøyting kan brukast i dei tilfelle dette vert eit problem, men har samtidig negativ effekt på rovmidden.

Etablering av nye økologiske plommehagar

Nyplanting eller omlegging av eldre felt

Ved nyplanting av felt kan det fritt velgast sortar som eignar seg for økologisk dyrking, og det er lettare å ha kontroll med sjukdomssituasjonen i hagen. Fordi plommesortane i konvensjonell dyrking i dag stort sett også eignar seg for økologisk dyrking, vil det likevel vera lettare å starte ein økologisk produksjon ved omlegging av eksisterande hagar for plomme enn for eple.

Kjøp av plantemateriale

Etter dagens regelverk skal økologisk plantemateriale nyttast ved etablering av nye hagar, men ikkje-økologiske planter kan nyttast når den sorten, kombinasjonen sort / grunnstamme eller trekvaliteten som ver t etterspurt ikkje kan skaffast frå økologisk produksjon. Men det må då dokumenterast.

Prøving av nye sortar inneber ein kalkulert risiko for dyrkar

Nye sortar for dyrking hos oss vil vera mindre utprøvde enn dei etablerte sortane. Når nye sortar vert planta i større omfang på fleire lokalitetar og vi får erfaring frå fleire sesongar vil det ofte dukke opp nye sider ved sortane som sortsprøving ikkje har fanga opp. Vi tilrår derfor dyrkarar å berre prøve nye sortar i eit omfang der dei greitt kan bere tapet dersom sorten ikkje held det den lova og må ryddast utan å gje særleg inntening.

Tilråding av sortar

I denne rapporten er det føreslege sortar for økologisk dyrking fordelt på hovudsortar og prøvesortar (sjå tabell på neste side). Hovudsortar er dei sortane som bør danna basis i økologiske felt i dag. Prøvesortar er nyare sortar som vi har mindre erfaring med, men som har synt seg lovande gjennom fleire år i sortsprøving og er i prøving hos dyrkarar i dag. Det er nok fleire sortar som kan vera aktuelle å dyrke dersom omsetnad føregår ved direktesal eller frukta skal brukast i lokal foredling til syltetøy. Tre slike sortar vert kort omtala til slutt. Fordi det er ulike erfaringar med dyrking økologisk av sortar som kan vera mottakelege for moniliarøte er nokre slike sortar inkludert også som hovudsortar og prøvesortar. Det krev spesiell oppfølging, og det kan då vera lurt å prøve nokre tre av desse økologisk for å få erfaring om det går bra på den aktuelle lokaliteten og med den oppfølginga ein kan gje.

Det er ofte ønske om ein tabell der ein raskt kan slå opp for å sjå om ein sort er utsett for sjukdomar, om den er produktiv osv. Tabellen på neste side er eit forsøk på dette. Ulempa med slike tabellar er at det ikkje er plass til nyansane og variasjonane i erfaringar der. Det er derfor viktig å lese omtalen av sortane i tillegg til tabellen, og innhente erfaringar frå andre.

Nokre nøkkeldata for tilrådde sortar

Sort	NB!	Haustetid og brukstid:			Mottakelegheit for sjukdomar		Avling	Fruktstorleik	Veksekraft hos treet
		aug.	sept.	okt.	Plommepung	Monilia			
Edda	plommepung				•••	••	•••	••••	••••
Opal	tynning				••	••	•••••	••	•••
Mallard	plommepung				•••	••	•••	••••	••••
Excalibur	monilia ?				••	•••	••••	•••	•••••
Avalon					?	••	•••	••••	••••
Reeves					••	•••	••••	•••••	••••
Victoria	tynning				••	••	•••••	••••	•••
Jubileum	monilia				••	••••	•••••	•••••	•••
Valor					?	••	••••	•••••	••••

	Tilrådd som hovudsort
	Tilrådd som prøvesort
	Krev særleg oppfølging på sjukdomar eller tynning

	Sjukdomar	Avling / fruktstorleik	Veksekraft
•	Lite utsett	Svært liten	Svaktveksande
•••	Middels utsett	Middels	Middels sterktveksande
•••••	Svært utsett	Svært stor	Sterktveksande

Detaljert omtale av dei tilrådte sortane

'Edda'



Konklusjon

Den tidlegaste kvalitetsplomma vi dyrkar. Svært god etekvalitet. Krev god pollinering for å gje årvisse avlingar. Kan krevja ekstra oppfølging når det gjeld plommepung og er noko utsett for bladmidd.

Fruktkvalitet

Brunraud til mørkeblå plomme, fast og saftig kjøt med søt smak, svært god etekvalitet. Fruktkjøtet slepper steinen.

Sjukdomar og skader

Noko utsett for plommepung og bakteriekreft. Ellers sterk mot sjukdomar. Noko utsett for åtak av plommebladmidd.

Treform og veksekraft

Sterktveksande med opprett vekseform, dårleg bryting av sideknoppar, treet er vanskeleg å forme, egna til vaseform.

Vinterherdigheit

Lite vinterherdig, best egna på Sørlandet og Vestlandet.

Bløming, pollinering og avlingsregulering

Tidleg bløming, ikkje sjølvfertil. Krev god pollinering for å gje gode avlingar. Pollensortar: 'Opal', 'Victoria', 'Herman', 'Oullins'.

Fruktstorleik og produktivitet

Middels store til store frukter, bra produktiv ved god pollinering, elles veldig ujamne og til dels små avlingar. Lite behov for tynning.

Hausting, lagring og omsetnad

Haustetid midt i august. Kan haustast relativt lite mogen og ettermogne til bra kvalitet.

Status prøving i Noreg

Er hovudsort i konvensjonell dyrking i Noreg.

Tilgang til materiale

Virusrensa kvist kan skaffast frå GH eliteplantestasjon Sauherad.

Sortsrettar

Ingen restriksjonar på spreiding av sorten.

Opphav

'Czar' x 'Prune Peche', Njøs, Noreg.

'Opal'



Konklusjon

Bør ha ein viktig plass i økologisk plommedyrking. Lite utsett for sjukdomar og skader. Ein god del tynningsarbeid nødvendig for å sikre god nok storleik, kvalitet og årviss bering, viktig å tynne tidleg nok.

Fruktkvalitet

Gul med raudfiolett dekkfarge på delar av plomma. Søt og saftig, svært god smak når godt utvikla. Fruktkjøtet slepper steinen.

Sjukdomar og skader

Lite utsett for sjukdomar.

Treform og veksekraft

Middels sterktveksande, rund kroneform, gode greinvinklar, treet er lett å forme.

Vinterherdigheit

Bra vinterherdig.

Bløming, pollinering og avlingsregulering

Middels tidleg bløming, sjølvfertil eller delvis sjølvfertil, godt pollen. Set ofte alt for rikt, og kan lett kome i vekselbering. 'Opal' må derfor tynnast godt for å sikre god nok fruktstorleik, god fruktkvalitet og årviss bering. Det er viktig

å tynne tidleg, elles risikerar ein år med svært mykje tynningsarbeid vekslande med kvileår med lite avling.

Fruktstorleik og produktivitet

Knapt middels store frukter, god tynning nødvendig for å sikre god nok storleik. Svært produktiv, overbering kan lett medføre vekselbering. Stort behov for tynning.

Hausting, lagring og omsetnad

Haustetid frå midt i august.

Status prøving i Noreg

Er hovudsort i konvensjonell dyrking i Noreg i dag.

Tilgang til materiale

Virusrensa kvist kan skaffast frå GH eliteplantestasjon Sauherad.

Sortsrettar

Det er ingen restriksjonar på spreiding av denne sorten.

Opphav

'Oullins' x 'Early Favourite', Alnarp, Sverige.

'Mallard'



Konklusjon

Bør ha ein sentral plass i økologisk plommedyrking. Svært god kvalitet. Kan krevja ekstra oppfølging når det gjeld plommepung og er noko utsett for bladmidd.

Fruktkvalitet

Grøngul grunnfarge med raudfiolett dekkfarge. Fastkjøta, søt med svært god etekvalitet. Fruktkjøtet slepper berre delvis steinen.

Sjukdomar og skader

Noko utsett for plommepung. Kan også få litt monilia-røte og plommebladmidd (gir sår i skalet), men ikkje meir enn at det kan haldast under kontroll i økologisk dyrking.

Treform og veksekraft

Sterktveksande med opprett vekseform, treet er vanskeleg å forme. Egna til vaseform.

Vinterherdigheit

Middels vinterherdig.

Bløming, pollinering og avlingsregulering

Tidleg bløming, ikkje sjølvfertil. Krev god pollinering for å gje gode avlingar. Gode

pollensortar er 'Edda', 'Opal', 'Victoria' og 'Herman'.

Fruktstorleik og produktivitet

Bra store frukter, bra produktiv ved god pollinering, elles ujamne og til dels små avlingar. Lite behov for tynning.

Hausting, lagring og omsetnad

Haustetid første halvdel av september. Kan haustast relativt lite mogen og ettermogne til bra kvalitet.

Status prøving i Noreg

Er hovudsort i konvensjonell dyrking i Noreg i dag.

Tilgang til materiale

Virusrensa kvist kan skaffast frå GH eliteplantestasjon Sauherad.

Sortsrettar

Det er ingen restriksjonar på spreiding av denne sorten.

Opphav

Gammal sort frå England.

'Excalibur'



Konklusjon

Storfrukta sort med bra kvalitet. Bør kunne dyrkast økologisk med bra resultat, men kan vera noko utsett for røte.

Fruktkvalitet

Raudfiolett plomme med flott utsjånad. Svært god etekvalitet, litt laust og grovt fruktkjøtt, søt (lite syre). Fruktkjøttet slepper steinen.

Sjukdomar og skader

Litt plommepung er observert i økologiske felt, men ikkje så mykje at det betyr noko. Det har i nokre felt vore ein del monilia-røte i 'Excalibur', andre har opplevd sorten som sterk mot røte.

Treform og veksekraft

Svært sterktveksande med opprette og stive greiner, treet er vanskeleg å forme. Dersom treet ikkje vert toppa, vil veksten roe seg raskare ned og trea kome raskare i bering.

Vinterherdigheit

Vinterherdigheit lite kartlagt.

Bløming, pollinering og avlingsregulering

Middels tidleg bløming, ikkje sjølvfertil, godt pollen. Aktuelle pollensortar er 'Jubileum' og 'Victoria'.

Fruktstorleik og produktivitet

Store frukter, middels til bra produktiv ved god pollinering, elles ujamne avlingar. Lite behov for tynning.

Hausting, lagring og omsetnad

Haustetid frå midt i september.

Status prøving i Noreg

Er i dyrking i mindre omfang i dag.

Tilgang til materiale

Virusrensa kvist kan skaffast frå GH eliteplantestasjon Sauherad.

Sortsrettar

Det er ingen restriksjonar på spreieing av denne sorten i Noreg.

Opphav

'Cox's Emperor' fritt pollinert, Long Ashton / East Malling, England.

'Avalon'



Konklusjon

Lovande prøvesort for økologisk dyrking. Så langt er det ikkje avdekkja spesielle sjukdomsproblem med sorten.

Fruktkvalitet

Raudfiolette frukter med tynt skal. Høgt innhald av både sukker og syre, må vera godt mogen for ikkje å smake for surt. Likevel svært god smaks kvalitet. Fruktkjøtet slepper stort sett ikkje steinen.

Sjukdomar og skader

Ser ut til å vera sterk mot sjukdomar og bladmidd. Noko sprekkjering observert i konvensjonelle felt ved mykje regn.

Treform og veksekraft

Sterktveksande tre.

Vinterherdigheit

Vinterherdigheit lite kartlagt.

Bløming, pollinering og avlingsregulering

Tidleg til middels tidleg bløming, ikkje sjølvfertil. Lite og dårleg pollen. Krev god

pollinering for å gje gode avlingar. Gode pollensortar er 'Edda', 'Mallard' og 'Victoria'.

Fruktstorleik og produktivitet

Middels store til store frukter, berre middels produktiv, truleg pga for få blomar. Lite behov for tynning.

Hausting, lagring og omsetnad

Haustetid siste halvdel av september, middels lang brukstid.

Status prøving i Noreg

Er så vidt dyrka litt i dag.

Tilgang til materiale

Virusrensa kvist kan skaffast frå GH eliteplantestasjon Sauherad.

Sortsrettar

Det er ingen restriksjonar på spreiding av denne sorten i Noreg.

Opphav

'Reeves' fritt pollinert, Long Ashton / East Malling, England.

'Reeves'



Konklusjon

Ein sort som bør ha ein sentral plass i økologisk plommedyrking. Svært store frukter med ganske bra kvalitet. Kan få litt fruktrøte.

Fruktkvalitet

Runde frukter med gulgrøn grunnfarge og litt raudt på solsida. Kan minne om små nektarinar. Fast og saftig med litt syrleg og frisk, men ganske god smak. Fruktkjøtet slepper stort sett steinen.

Sjukdomar og skader

Bra sterk mot plommepung. Kan sprekke ein del rundt stilken i regn, og det kan sette seg røte i desse sprekkene. Men erfaringar frå økologiske felt er at dette ikkje er meir enn at sorten godt kan dyrkast økologisk.

Treform og veksekraft

Sterktveksande, får lett kraftige sidegreiner. Dersom treet ikkje vert toppa roar veksten seg raskare og treet kjem tidlegare i bering.

Vinterherdigheit

Vinterherdigheit lite kartlagt.

Bløming, pollinering og avlingsregulering

Blømingstid i høve til andre sortar varierar mellom år, frå middels tidleg til sein bløming.

Ikkje sjølvfertil. Lite og dårleg pollen. Krev god pollinering for å gje gode avlingar, og ein må sikre seg med fleire pollensortar med ulik blømingstid. Det vert tilrådd å bruke 'Althans' i kombinasjon med 'Excalibur', 'Opal', 'Victoria' eller 'Jubileum'.

Fruktstorleik og produktivitet

Svært store frukter, kan gje bra avlingar ved god pollinering, er berre årvisst ved bruk av fleire pollensortar med både middels sein og sein bløming. Lite behov for tynning. Kan kome seint i bering.

Hausting, lagring og omsetnad

Haustetid siste halvdel av september. Lang brukstid, held fastleiken godt under lagring.

Status prøving i Noreg

Er planta ein del i konvensjonell dyrking.

Tilgang til materiale

Virusrensa kvist kan skaffast frå GH eliteplantestasjon Sauherad.

Sortsrettar

Ingen restriksjonar på spreiding av sorten.

Opphav

Eldre kanadisk sort.

'Victoria'



Konklusjon

Kan ikkje konkurrere med nyare sortar i kvalitet, og gummiflod er eit alvorleg problem med sorten. Er ved nyplanting derfor først og fremst aktuell som pollensort. Den er likevel oppført som hovudsart her fordi det er mykje planta av denne sorten, og omlegging av eksisterande 'Victoria'-hagar til økologisk dyrking er aktuelt.

Fruktkvalitet

Avlang, gul plomme med raudfiolett dekkfarge. God smak når frukta er godt utvikla. Fruktkjøtet sletter steinen.

Sjukdomar og skader

Bra sterk mot plommepung og monilia-røte. Utsett for sølvglansopp. Svært utsett for gummiflod, men det vert ikkje noko verre i økologisk enn i konvensjonell dyrking. Klonen 'Nå' er sagt å vera noko mindre utsett for gummiflod, men har andre viktige svakheiter.

Treform og veksekraft

Middels sterkteveksande, vert eit relativt lite tre med hengande greiner.

Vinterherdigheit

Bra vinterherdig.

Bløming, pollinering og avlingsregulering

Middels tidleg bløming, sjølvfertil. Set ofte alt for rikt. 'Victoria' må derfor tynnast godt for å sikre god nok fruktstorleik og fruktkvalitet. I økologisk dyrking vil dette medføre stor innsats med handtynning.

Fruktstorleik og produktivitet

Middels store til store frukter, svært produktiv. Stort behov for tynning. Klonen 'Nå' skal sette mindre blomar slik at tynningsbehovet er mindre, i praksis har den kome i vekselbering med ustabile avlingar.

Hausting, lagring og omsetnad

Haustetid siste del av september.

Status prøving i Noreg

Er hovudsart i konvensjonell dyrking i Noreg.

Tilgang til materiale

Virusrensa kvist kan skaffast frå GH eliteplantestasjon Sauherad.

Sortsrettar

Det er ingen restriksjonar på spreiding av denne sorten.

Opphav

Gammal engelsk sort.

'Jubileum'



Konklusjon

Svært store frukter av bra kvalitet. Utfordrande å dyrke økologisk fordi den er utsett for grå og gul monilia. Vanskeleg å vurdere rett haustetid. Krev spesiell oppfølging ved økologisk dyrking.

Fruktkvalitet

Avlange, raudfiolette plommer. God smak når frukta er godt utvikla, litt seigt skinn. Fruktkjøtet sletter steinen.

Sjukdomar og skader

Utsett for både gul og grå monilia og sølvglanssopp. Bra sterk mot plommepung. Krevjande å dyrke økologisk. Må tynnast godt slik at fruktene ikkje er i kontakt med kvarandre, og bør omsettast raskt.

Treform og veksekraft

Middels sterktveksande, opprett vekst, får lett lange og tynne greiner som ofte vert snaue innerst og etter kvart hengande.

Vinterherdigheit

Bra vinterherdig.

Bløming, pollinering og avlingsregulering

Middels tidleg bløming, usikkert om den er fullt sjølvfertil, men har i praktisk dyrking

likevel gitt god nok avling utan pollensort. Aktuelle pollensortar er 'Excalibur', 'Mallard', 'Opal' og 'Victoria'.

Fruktstorleik og produktivitet

Svært store frukter, svært produktiv. Bør tynnast, men vesentleg mindre tynningsarbeid enn hos t.d. 'Victoria'.

Hausting, lagring og omsetnad

Haustetid sist i september, som 'Victoria' eller nokre dagar seinare. Vanskeleg å vurdere rett haustetid. For tidleg hausta frukt får ikkje fullgod kvalitet, for seint hausta frukt vert fort mjuk og rotnar lett.

Status prøving i Noreg

Er planta ein del i konvensjonell dyrking i Noreg i dag.

Tilgang til materiale

Virusrensa kvist kan skaffast frå GH eliteplantestasjon Sauherad.

Sortsrettar

Gartnerhallen har avtale med sortseigar (Balsgård) og krev inn lisens for sorten.

Opphav

'Giant' x 'Yakima', Balsgård, Sverige.

'Valor'



Konklusjon

Lovande prøvesort for avslutning av den norske plommeseongen. Avgrensa erfaring med sorten i økologisk produksjon.

Fruktkvalitet

Avlange, mørkeblå plommer. Fast fruktkjøtt, god smak. Fruktkjøttet sletter steinen.

Sjukdomar og skader

Ser ut til å vera sterk mot fruktrøte.

Treform og veksekraft

Middels sterktveksande til sterktveksande med opprett vekst medan trea er unge.

Vinterherdigheit

Vinterherdigheit lite kartlagt.

Bløming, pollinering og avlingsregulering

Sein bløming, ikkje sjølvfertil. Aktuelle pollensortar lite klarlagt, men bør vera seintblømande sortar. Set mykje blomar slik at tynning er nødvendig ved god pollinering.

Fruktstorleik og produktivitet

Store til svært store frukter. Tidleg i bering, produktiv og årviss.

Hausting, lagring og omsetnad

Haustetid først i oktober, kan lagrast ei stund. Sorten er berre egna for dyrking på gode stader utan tidleg frost om hausten. Frukt bør ha velutvikla blåfiolett farge men framleis vera fast ved hausting.

Status prøving i Noreg

Prøvd så vidt hos nokre dyrkarar.

Tilgang til materiale

Under etablering ved GH eliteplantestasjon Sauherad. Det vil derfor ta litt tid før det er tilgang på virusrensa kvist av noko omfang.

Sortsrettar

Det er ingen restriksjonar på spreiding av denne sorten.

Opphav

'Epineuse' x 'Grand Duke', Kanada.

Kort omtale av nokre andre sortar

'Herman'

Blåfiolett plomme med berre middelmådig smaks kvalitet. Fruktkjøtet slepper steinen. Svært tidleg mogning. Middels store frukter, tidleg i bering, bra produktiv og årvis. Lite utsett for sjukdomar, men kan ha ein del gummiflod. Middels tidleg bløming, sjølvfertil, godt pollen. Dels brukt til syltetøy (gir farge). Elles berre aktuell for å kunne starte plommesesongen ei veke eller to tidlegare ved direktesal og eventuelt som pollensort.



'Herman'

'Oullins'

Gulgrøn plomme som vert gul når den er fullmogen, mjukt og saftig fruktkjøtt, bra smak når godt utvikla. Fruktkjøtet slepper ikkje steinen. Haustetid kring midten av september. Må omsettast ganske raskt. Bra store frukter, bra produktiv, men kjem lett inn i vekselbering. Må tynnast godt for å sikre jamn bering og god fruktkvalitet. Sterk mot sjukdomar. Fruktene utsette for støyt skader. Middels tidleg til sein bløming, sjølvfertil. Var tidlegare ein hovudsort i konvensjonell dyrking i Noreg, men er no ute av sortimentet. Kan vera aktuell for direktesal og til syltetøyproduksjon.



'Oullins' (Foto: Olav Sørum)

'Souffriau'

Rund, mørkeblå plomme som mognar om lag samtidig med 'Mallard'. Kort brukstid. Ganske mjuk og ømtøleg, bra smak. Fruktkjøtet slepper steinen ganske bra. Fruktstorleik om lag som 'Victoria' eller mindre, berre middels produktiv. Ser ut til å vera utsett for fruktrøte. Blømer seint og har rikeleg pollen med bra spireevne, og kan prøvast som pollensort til seintblømande sortar som 'Reeves' og 'Valor'. Elles neppe aktuell som erstatning for nokon annan sort.



'Souffriau'

